

Øystre Slidre kommune

STAB

Bygdinvegen 1989 2940 Heggenes

Til medlemmene i eldrerådet

Dykkar ref.:

Vår ref.:

ROBMÅL - 21/4637

Arkiv:

033, &17

Vår dato:

28.04.2021

Protokoll frå møte i eldrerådet 27.april 2021

Tilstades: Solveig Rydland, Gudbrand Dahle, Astrid Lunde og Bjørn Kjensli

Fråvær: Morten Steinsrud

Andre: Målfrid Robøle (sekretær)

- Sak 13/21 Godkjenning av innkalling og sakliste
Vedtak:
Samrøystes godkjent
- Sak 14/21 Godkjenning og underskrift av protokoll frå møte 23.mars 2021
Alle medlemmene som møtte underteikna protokollen
Vedtak:
Samrøystes godkjent
- Sak 15/21 Orientering om kommunen sine planar vedrørende Furustrand, ny turveg og dagsturhytte v/Kari Onstad og Øystein Skattebu. Det er her under arbeid fleire planar for Furustrandområdet. Mellom anna ein tenkt tursti rundt Furustrand og Helsetunet som skal være for alle. Kommunen ynskje innspel vedrørende plassering av dagsturhytta og det er høve til å koma med konkrete forslag. Frist for dette er 20.06.2021
Vedtak:
Eldrerådet vil gjera ein befaring på tenkt plassering av dagsturhytte når snøen er borte. Solveig kjem difor med forslag til dato for befaring i slutten av mai månad
Presentasjonen av dagsturhytte er vedlagt
- Sak 16/21 Forslag til nytt reglement for eldrerådet i Øystre Slidre som skal vidare til behandling i kommunestyre
Vedtak:
Forslag til nytt reglement for eldrerådet i Øystre Slidre, vedteke i møte 27.april 2021.
Forslag ligg vedlagt
- Sak 17/21 Orientering frå reknskapsavdelinga v/Bjørg Torill Skrebergene og Elin Dokken
Myhre vedrørende betaling av rekningar frå kommunen, og om kva desse gjeld. Dette gjeld særleg for dei som er utan digital tilgang.
Vedtak:

Eldrerådet tek orienteringa til etterretning og ber samstundes kommunen etablerer gode rutiner for informasjon til brukarar, til dømes ved betaling av heimebaserte tenester.

Sak 18/21 Lokal behandling av makuladegenerasjon ved VLMS. Vedtaket vert sendt til ordførar og kommunalsjef for helse- og omsorg.

Vedtak:

Eldrerådet i Øystre Slidre er kjend med at øyelegen ved VLMS ikkje får lov til å setja sprøyte mot makuladegenerasjon.

Dette fører til at folk med denne sjukdomen må reise til Lillehammer for å få denne behandlinga.

Då dette er behandling som gjerne må utførast kvar månad, fører det til store ulemper for den/dei det gjeld.

Ein ber difor kommuneleiinga ta opp saka og arbeide for at øyelegen ved VLMS får utføra denne behandlinga, noko han har gjort då han var tilsett på øyeavdeling på sjukehus.

Det vil gje folk i regionen vår med denne sjukdomen eit betre liv.

Sak 19/21 Nye innspel sidan sist:

*Eldre ut på middag – kort orientering ved Solveig

*Testamentarisk gave- Grønolen. Det er oppnemt eit gåvestyre der leiar i eldrerådet er medlem, som skal tilrå bruk av dei resterande midlane.

Med helsing

Målfrid Robøle

Sekretær

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift.

Forslag til reglement for eldrerådet 22.04.2021 frå leiar i eldrerådet. Eit svar til Tor Arthur Hagen

1-09 REGLEMENT FOR ELDRERÅDET I ØYSTRE SLIDRE

§ 01 VAL OG SAMANSETTING

Eldrerådet har 5 medlemer med personlege varamedlemer.

Fleirtalet av medlemene i eldrerådet skal vera fylt 60 år på valtidspunktet.

Eitt medlem bør veljast blant medlemene i formannskapet, og eitt medlem bør veljast blant dei andre medlemene i kommunestyret.

Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar.

Forslag frå eldrerådet, tilføyning: 3 av medlemene skal nemnast opp etter

forslag frå organisasjonar som representerer eldre.

Eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar blant medlemmane i rådet.

Vedtekter i kommunelova som gjeld folkevalde organ, gjeld og for eldrerådet, og medlemar av rådet har difor same rett og plikter som andre folkevalgte.

§ 02 FUNKSJON; ANSVAR OG HOVUDOPPGÅVER

Eldrerådet er heimla i kommunelova § 5-12. Ansvar og hovudoppgåver går fram av gjeldande lov og forskrifter.

Forslag frå eldrerådet, tilføyning: Eldrerådet er eit rådgjevande medverkningsorgan i kommunen som skal ha til handsaming alle saker som gjeld eldre. Rådet kan og ta opp saker på eige initiativ.

Rådet skal og gje uttale i følgjande saker før handsaming i formannskap/kommunestyre:

- Kommuneplanen
- Økonomiplan/årsbudsjett- bustadprogram
- Tiltak og planar i helse- og omsorgssektoren og andre kommunale tiltak som i særleg grad vedkjem eldre og der eldre vert sett på som ressur

§ 03 MØTE OG SAKSBEHANDLING

Det blir vist til gjennomgåande reglement (I-02) med gjennomgåande reglar for møte og sakshandsaming.

Forslag frå eldrerådet, tilføying:

Kommunestyret skal etablere rutinar som sikrar at rådet mottek saker på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalelsar frå rådet kan påverka utfallet av saka.

Møteprotokollen frå møta i rådet skal følgja saksdokumenta til dei kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

§ 04. SEKRETARIAT

Rådmannen har ansvar for at sekretariatfunksjonen blir utført tilfredsstillande.

Dagsturhytte i Øystre Slidre

RAM
Sentralturistforening



Formålet:

Formålet er å etablere en dagsturhytte som er lett tilgjengelig og som stimulerer til økt bruk av nærfiltslivet. Dagsturhyttene skal være et lavterskelttilbud for alle uavhengig av sosial, økonomisk og kulturell bakgrunn.

Annet

- - Kommunen er eier av anlegget og det stilles krav om drift og vedlikehold etter spillemiddelreglementet i 30 år. Det er opp til den enkelte kommune hvordan driften organiseres.
- - Kommunen har ansvar for vurdering etter plan- og bygningslov og evt. andre godkjenninger.
- - Det er viktig med tidlig forankring hos grunneiere.
- - Med erfaringer fra lignende prosjekter er det viktig med tidlig involvering fra lag og foreninger.

Kriterier for plassering

- - Turmålet skal være lett tilgjengelig og stimulere til økt bruk av nærfriluftslivet.
- - Startpunktet forventes å ligge nært et stort tettsted i kommunen.
- - Det bør være tilstrekkelig med parkeringskapasitet ved startpunktet, evt. potensielle for utbedring. Erfaringer fra andre steder med tilsvarende prosjekt viser en kraftig økning på aktivitet.
- - Det er en fordel om beliggenhet er tilknyttet et allerede eksisterende turmål, også i forhold til eksisterende skilting og informasjon, i tillegg til avfallshåndtering.
- - Vurdere om sti til/fra tåler økt trafikk og er godt tilrettelagt, med tilstrekkelig skilting.
- - Adkomst bør være enklest mulig for flest mulig, også for barn i barnehage og skolealder.
- - Tilgjengelighet til dagsturhytta hele året er en fordel.
- - Lokasjon må avklares i forhold til kulturminner med Innlandet Kulturarv.
- - Plasseringen kan ikke være over 1200 moh, pga. helikoptertransport.
- - Hytta forutsettes plassert rett på fjellgrunn, eller eventuelt på en liten ringmur på steder det ikke er fjellgrunn.



Centrumsutvikling leggernes

Furstrand friluftsområde

Turstig fra Helsestunet til
Jurustrand

Dagsturhytte

Våre alternativ

- Herangbakken
- Stampa fossen
- Haukhøvdhøvda
- Sandtangen
- Ålenhøvda




Turstig på Heggenes

- Reguleringsplan for trillestig fra Helsestunet til Furustrand er ute på høyring
- Universelt utforma
- Furustrand som heilårs turmål / rekreasjonsområde for innbyggjarar på tviers av generasjonar



FURUSTRAND FRILUFTSMÅRDE
MULIGHETSSTUDIE 23.03.2021
Utsidefeltor Øystre Slidre kommune
av Rolf-Erik Poppe
A3 1:500





erangbakkin

sentralt – parkering – alternative turstigar – godt synleg – nytt turmål - sentrumsutvikling